



SAKSHANDSAMAR  
Erik Småland

VÅR REF.  
13/02240-5

ARK. F - Fartøy  
Vestgar

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON


+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
08.01.2014

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

KOPI



Øygardsbåtane  
Geitanger  
5353 STRAUME

## M/S VESTGAR - LEMA VEDTAK OM FREDING MED HEIMEL I LOV OM KULTURMINNE AV 9. JUNI 1978 NR. 50 § 14A JMF FORVALTINGSLOVA KAP. IV

Vi syner til framlegg til freding av M/S "Vestgar", dagsett 16.10.2013, som har vore på høyring hjå involverte partar og instansar.

Departementet sin avgjerdsrett til å freda båtar er delegert til Riksantikvaren i føreskrift av 9. februar 1979 om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova § 12 nr 1.

Riksantikvaren fattar følgjande vedtak:

### VEDTAK:

*I medhald av lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne § 14a fredar Riksantikvaren M/S "Vestgar" - LEMA.*

#### **Omfanget av fredinga**

*Fredinga etter kulturminnelova § 14a omfattar heile fartyet med fast inventar og fastmontert utstyr samt einsskildede lause delar og utstyr slik dette framkjem i skildringar og på foto i fredingsdokumentasjon.*

*Vi gjer særleg merksam på at fartyet skal gjennomgå ei restaurering der einsskildede element vert tilbakeførte til opphavleg eller tidlegare tilstand, slik fartyet var i den perioden det gjekk som dagruteskip for Øygardsbåtane fram til 1979. Nærare om dette i fredingsføresegnene.*

#### **Føremålet med fredinga**

*Føremålet med fredinga er å taka vare på eit dagruteskip av sjøbusstypen. M/S «Vestgar» var i drift for Øygardsbåtane frå skipet var nytt i 1957 og fram til 1979. Frå 1979 til 2007 gjekk skipet som misjonsskip under namnet «Fredsbudet». I 2007 vart skipet kjøpt attende til fartsområdet av det reetablerte selskapet Øygardsbåtane som fartøyvernprosjekt.*

*Eit farty som "Vestgar" vart bygd for å gjere teneste i kring 25-30 år. No er skipet 56 år gammalt og naturleg forfall pga. alder medfører at skipet har gått gjennom ei restaurering av skroget. Ei restaurering av båtdekk og framdekk står for tur. Fredinga skal difor ikkje vere til hinder for gjennomføringa av naudsynt restaurering av konstruksjon, dekk og innreiing eller komplettering av bortkomne delar.*

### **Fredingsføresegner**

Fredingsvilkåra er utforma i samsvar med føremålet med fredinga og kjem i tillegg til kulturminnelova sine føresegner om vedtaksfreda båtar.

1. Fartyet sitt eksteriør, konstruksjon, arrangement eller originalt fast inventar skal ikkje endrast.
2. Utskiifting av material, endring av overflater eller anna arbeid ut over vanleg vedlikehald er ikkje tillate. Opphavlege fargar skal bevarast.
3. Alt vedlikehald og istandsetjing skal skje i samsvar med føremålet med fredinga. Dette medfører bruk av tradisjonelle material og etter dei metodar som er i trå med den tidsepoken som ligg til grunn for fredinga.
4. Eventuelle pålegg frå Sjøfartsdirektoratet, Mattilsynet eller andre offentlege styresmakter som medfører fysiske endringar av det freda fartyet skal ikkje gjennomførast med mindre tiltaket er godkjent av Riksantikvaren eller av den Riksantikvaren har gjeve mynde.
5. Fredinga skal ikkje vere til hinder for naudsynt restaurering av skipet eller for tilbakeføring av arrangementet til perioden som ruteskip fram til 1979.
6. Det skal utarbeidast ein teknisk-historisk dokumentasjon. Når denne er godkjent av Riksantikvaren vil han danne utgangspunkt for avgjerder vederørande utføring, fargesetting og anna detaljering.
7. Etter dispensasjon frå Riksantikvaren kan det gjennomførast tilbakeføring til opphavleg eller tidlegare utføring dersom tiltaket byggjer på sikker dokumentasjon (jmf. pkt 6). Dette gjeld følgjande tilbakeføringstiltak:
  - a. Ferdigstilling av restaurering av lugar for mannskap (rom 007).
  - b. Tilbakeføring av arrangementet på framdekket til perioden som ruteskip med dekksp plank av tre og lasteluke (areal 103).
  - c. Restaurering av tredekk på båtdekket (areal 204).
  - d. Tilbakeføring av arrangement på båtdekket (areal 204) med rekke, davitar for livbåtar og tilbakeføring av øvre salong til opphavleg storleik (rom 203).
  - e. Reetablering av originalt trunk for røykopptak frå maskin til skorstein samt plassering av skorstein på original plass.
  - f. Restaurering av aktre del av salongen på hovuddekket (rom 111b).
  - g. Reetablering av sjukelugar og passasjerlugar akter for salongen på hovuddekk (rom 112 og 113).
  - h. Remontering av lagra originale dørar med glas frå gang (rom 104) til salongområde (rom 111) på original plass.
  - i. Produksjon og montering av nøyaktige kopiar av originale sofaer og bord til salongane.

## Følgjer av fredinga

### 1. *Lovgrunnlag*

Når det gjeld handsaming av freda båtar syner vi til kulturminnelova §§ 14a, 15a, 16, 17 og 18, samt til fredingsføresegnene over.

### 2. *Dispensasjon*

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/ dispensasjon til å setje i gong alle former for tiltak som går ut over vanleg vedlikehald, jf. kulturminnelova § 14a tredje ledd og § 15a. Dette gjeld også eventuelle tiltak som skuldast pålegg frå Sjøfartsdirektoratet, Mattilsynet eller andre offentlege styresmakter. Riksantikvaren kan i særskilde høve gje dispensasjon frå fredinga og fredingsføresegnene for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda kulturminnet. Søknad om løyve vert å sende til Riksantikvaren. Oppstår det tvil om kva som kan reknast som vanleg vedlikehald skal Riksantikvaren likeeins kontaktast.

### 3. *Vedlikehald*

Eigar har ansvar for det vanlege vedlikehaldet av det freda skipet. Riksantikvaren føreset at fartyet vert handsama som om det var freda fram til spørsmålet om freding er endeleg avgjort. Dersom det er planar om endringar i interiør eller eksteriør skal Riksantikvaren varslast på førehand dersom dette ikkje kan reknast som vanleg vedlikehald.

### 4. *Høve til å søkje om tilskot*

Båtar som er freda har høve til å søkje Riksantikvaren om tilskot til istandsetjing. Søknadsfristen for kvart år vert offentleggjort i god tid før fristen. Det skal søkjast på eige skjema og naudsynte vedlegg skal følgje søknaden.

## Riksantikvarens mynde

I føreskrift av 9. februar 1979 om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova § 12 nr. 1 har departementet delegert mynde til Riksantikvaren etter lova sine §§ 14a (freding av båtar), 15a (dispensasjon) og 22 nr. 4 (mellombels freding).

Likeeins er Riksantikvaren gitt mynde etter same føreskrift § 1 nr. 1 dersom kulturminnelova §§ 16-18 kjem til bruk i samband med ein freda båt. Kulturminnelova §§ 16-18 gjeld pålegg om utbetring ved skade, vedlikehald og skade ved brann og gjeld for freda båtar så langt desse høver.

## Bakgrunn for fredingssaka

Riksantikvaren si freding av farty skal gjennomførast ved at kvar brukskategori først vert gjennomgått historisk for å kartleggje dei sentrale skipstypene innan kvar kategori. Ut frå dette vil det bli vald ut representative farty for freding. Målet om eit representativt vern og framgangsmåten for å oppnå dette er nedfelt i Riksantikvaren sin *Nasjonale verneplan for fartøy 2010-2017*. Prosessen starta same år med ferjeflåten.

Riksantikvaren gjennomførde eit prosjekt for å kartleggje passasjerfarty i Noreg med tanke på freding av eit utval farty som representerer ulike epokar og typar.

Fredinga av M/S "Vestgar" vert grunngjeve med at fartyet er den mest intakte fartyet av sjøbusstypen. Fartyet representerer transport- og skipshistorie frå fornyinga av ruteskipsflåten etter krigen då motorskipa avløyste dampskipa. Motorskipa av sjøbusstypen høyrer til ei tid då

samferdslepolitikken la opp til vegutbygging på land med omlegging av trafikken frå sjø til rutebil og ferjer. Sjøbussane representerte mange stader siste generasjon sjøtransport før trafikken gjekk over på veg.

### Skildring og historikk

M/S "Vestgar" vart levert frå P. Høivolds Mek. Verksted i Kristiansand i 1957 til Øygardsbåtane L/L, tidlegare Hjelme & Herlø Dampskipsselskap og frå 1960 Øygarden og Sotra Rutelag. «Vestgar» vart sett inn i den kombinerte last- og passasjerruta mellom Øygarden og Bergen.

«Vestgar» var ein av dei mange «sjøbussane» som utgjorde fornyinga av ruteskipsflåten etter krigen. Ideelt sett skulle ein no skilje mellom last og passasjerføring, men økonomien hjå dei fleste ruteselskap gjorde det berre mogleg å gjennomføre dette i dei mest trafikksterke lokalrutene i bynære strok. Fullt skilje mellom passasjerar og last i dei lengre rutene skjedde først då snøggbåtar av katamarantypen tok over passasjertrafikken frå midten av 1970-talet. Dei fleste sjøbussane vart difor bygde med plass til både passasjerar og last. Dei nye båtane skilde seg frå dei gamle dampskipa ved at dieselmaskina tok mindre plass og gjorde det mogleg å ha store lyse salongar med seterader langs store glas i overbygget. No vart det slutt på å stue ferdafolket saman i små mørke salongar under dekk. For å synleggjere den nye tida fekk sjøbussane oftast lysgrått skrog og kvit overbyggnad med gul skorstein. Saman med rekkja av store glas i overbygget markerte fargevalet kontrasten til dei gamle dampskipa sine svarte skrog og skorsteinar, og synleggjorde at den nye tida var komen. I øvre salong var glasa etter tidas smak litt skråstilte, for liksom å streka under at «Vestgar» også gjorde større fart.

«Vestgar» sitt ruteområde bestod av ei stor mengd øyar langs ytre del av kysten vest for Bergen, og overgangen frå sjø til landvegs samferdsle gjekk seinare her enn lenger inne i fylket. Men, passasjergrunnlaget minka etter kvart som ferje og bruer gav øy etter øy i fartsområdet køyrande veg til Bergen, og ruta vart lagt ned 30. mai 1979. Same år vart «Vestgar» seld til pinsebevegelsen til bruk som misjonsbåt under namnet «Fredsbudet».

For å skaffe større forsamlingslokale vart salongen på øvre dekk forlenga noko akterover på båtdekket. Vinteren 2005–2006 vart ein del av lugarane noko endra og moderniserte. «Fredsbudet» hadde dei siste åra sertifikat som opplæringsfartøy, og hadde praksisplassar for sjøfolk i maskina og på dekk.

Som misjonsbåt gjekk «Fredsbudet» langs kysten og besøkte gjerne små og veglause lokalsamfunn der oppmøtet gjerne var størst. Men, etter kvart som slike stader vart avfolka, og fiskarane hadde kortare opphald i land enn før, sank besøkstala. I 2007 var det slutt og skipet vart lagt ut for sal. Sumaren same året vart «Øygardsbåtane» gjenoppretta som eige selskap med det føremål å kjøpe heim M/S «Vestgar» for vern.

Mange frivillige har i åra etter lagt ned eit stort arbeid med restaurering av skipet, og oppnådde i 2012 å få attende passasjersertifikatet. «Vestgar» vart tildelt status som verna skip i 2008.

### Registreringstilhøve:

Namn:	M/S "Vestgar"
Kjenningsignal:	LEMA
Register:	Norsk Ordinært Skipsregister (NOR)
Byggjeår:	1957
Byggjeverft:	P. Høivold Mek. Verksted, Kristiansand
Opphavleg eigar:	Øygardsbåtane (namn frå 1960; Øygarden og Sotra Rutelag)
Noverande eigar:	Øygardsbåtane

Hordaland fylkeskommune meiner fredingssaka er godt gjennomarbeidd. Framlegget er detaljert, men dette vil truleg gjere det lettare å gjennomføre tilbakeføringa som ein no legg opp til. Me er positive til fredingsframlegget som no ligg føre.

Elles vil me be om at framlegg om freding av farty for ettertida vert lagt ut på høyring med seks vekers uttalefrist. Ein frist på berre tre veker gjer det m.a. i praksis umogleg å få lagt saka fram for politisk handsaming. Seks vekers frist vil òg vere analogt med det som gjeld i andre typar fredingssaker, sjølv om fredingssaker etter § 14 a ikkje er bunde av kulturminnelova sine reglar for sakshandsaming.

#### Riksantikvaren sin merknad

Riksantikvaren er glad for at fredinga av «Vestgar» vert godt motteken hjå fylkeskommunen og vil utvide høyringsfristen ved komande fredingar.

#### **Informasjon om høve til å klaga**

Riksantikvaren sitt vedtak om freding kan klagast inn for Miljøverndepartementet, men sendast Riksantikvaren innan tre veker frå dette brevet er motteke, jmf. forvaltingslova §§ 28 og 29.

#### **Tinglysing**

Vedtak om freding vil bli tinglyst av Riksantikvaren i Norsk Ordinært Skipsregister.

Beste helsing

Jørn Holme

Dagfinn Claudius  
avdelingsdirektør

Vedlegg:

Kopi til: Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen/ Museum Vest, Museumsvegen, 5337 RONG/ Norsk Forening for Fartøyvern, Øvre Slottsgate 2 B, 0157 OSLO/ Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavd., Postboks 7900, 5020 BERGEN/ Bergens Sjøfartsmuseum, Haakon Shetelig's plass 15, 5007 BERGEN/ Bergen kommune - Byrådsavdeling for kultur, næring, idrett og kirke, Postboks 7700, 5020 Bergen/ Askøy kommune, pb 323, 5323 Kleppestø/ Klima- og miljødepartementet - Kulturminneavdelingen, P.B. 8013 Dep, 0030 OSLO/ Sjøfartsdirektoratet, Postboks 2222, 5509 HAUGESUND/ Tide ASA, Postboks 6300, 5893 Bergen/ Øygarden kommune, 5336 TJELDSTØ/ Det Kongelige Nærings- og Handelsdepartement, Postboks 8014 Dep, 0030 OSLO/ Fortidsminneforeningen, Dronningens gate 11, 0152 OSLO/ Fortidsminneforeningen - Bergen og Hordaland, Klostergaten 28 , 5005 BERGEN/ Fjell kommune, Postboks 184, 5342 STRAUME/ Samferdselsdepartementet, Postboks 8010 Dep, 0030 Oslo



## Riksantikvaren si vurdering av kulturminnet – grunngeving for fredinga

Fredinga av M/S "Vestgar" vert grunngevinge med at fartyet representerer transport- og skipshistorie frå sjøbuss-epoken. Denne fell i stor grad sammen med tida frå utfasinga av dampskipa og utbygginga av eit moderne landvegs transportsystem etter krigen.

M/S «Vestgar» er det mest autentiske av fartya av denne kategorien og inngår i ein vernesamanheng i sitt gamle fartsområde der også eigarselskapet Øygardsbåtane er reetablert som eigar av kulturminnet. Riksantikvaren merkjer seg også det er oppretta nær kontakt mellom Øygardsbåtane og Museum Vest om formidling av skipet.

To andre farty som tidlegare har vore innom selskapet sin flåte er i dag tekne vare på. M/S «Bilfergen», freda i 2012, var i selskapet sin eige frå 1961 til 1975 og D/S «Børøysund», under freding i 2013, var i selskapet sin eige frå 1923 til 1925 under namnet D/S «Skjergar». M/S «Vestgar» er også mellom dei mange verna og freda farty som fast eller regelmessig opererer ut frå Bergen eller som er under restaurering med tanke på dette. Saman utgjør desse Noregs største samling farty verna i sine opphavlege fartsområde. Gjennom på ny å utgjere ein del av bybiletet, strekar dei under Bergen si historie som ein av verdas største lokalskipsterminalar. Riksantikvaren merkjer seg også at fartya har utvikla samarbeid i saker som er felles for dette miljøet og styrkjer det regionale miljøet for antikvarisk fartyvern. Fartya som inngår i dette miljøet er D/S «Stavenes» (1904), D/S «Oster» (1908), D/S «Stord I» (1913), M/S «Tysnes» (1930), M/S «Atløy» (1931), M/S «Granvin» (1931), M/S «Midthordland» (1947), M/S «Nordstjernen» (1956), M/S «Vestgar» (1957), M/S «Vulcanus» (1959) og M/S «Skånevik» (1967).

## Sakshandsaminga fram til freding

Melding om oppstart av freding vart, i samsvar med forvaltingslova § 16, sendt til alle partar i brev av 20.08.2013.

Det kom inn ein marknad til saka frå Bergens Sjøfartsmuseum. Museet hadde ingen innvendingar mot fredinga, men uttrykte uro over tilhøvet mellom om økonomi og oppgåver innan fartyvernet.

Riksantikvaren utforma deretter eit framlegg til freding som vart sendt på høyring 23.10.2013. Norsk Lysingsblad, Bergens Tidende, og Vestnytt kunngjorde at framlegget var lagt ut til offentleg ettersyn hjå Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune. Høyringsfristen vart sett til 3 veker.

Etter at framlegg til freding vart sendt på høyring har det kome inn følgjande fråsegn:

### Hordaland Fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har motteke framlegg til freding av M/S Vestgar. Framlegget omfattar heile fartyet med fast inventar, fastmontert utstyr og einskilde lause delar og utstyr slik dette kjem fram i skildringar og på foto i fredingsdokumentasjonen.

Fredingsforslaget tek sikte på ei tilbakeføring til slutten av 1970-talet, då fartyet gjekk i rute for Øygardsbåtane. Hordaland fylkeskommune har synfare skipet ved to høve i 2013, sist under Fjordsteam i Bergen.

Det er få igjen i Hordaland av denne typen etterkrigsbåtar. Etter at M/S Bruvik vart teken ut av landet, er det berre M/S Midthordland og M/S Vestgar som er igjen av sjøbussane. Medan Midthordland gjekk i rute sør for Bergen, Samnanger, Tysnes og Sævareid, gjekk Vestgar i rute nord for Bergen.